

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Tom Skauge sette fram forslag til nye pkt i innstillinga.

3. Fylkestinget har som mål å snarast råd innføre kollektivfelt på 4-felts innfartsårer til Bergen.
4. Fylkestinget vil støtte rushtidsavgift i Bergen så snart kollektivfelt er oppretta med betre busstilbod.
5. Fylkestinget ber Regjering og Storting auke den statlege andel av kostnadene til bybane og anna kollektivinfrastruktur til 70%.
6. Satsinga for ekstra busstilbod er for svakt til å gje eit godt tilbod til dei reisande som ikkje har råd til å kjøre bil med ny rushtidsavgift

Gustav Bahus sette fram protokollmerknad.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag til nye pkt i innstillinga fekk 1 røyst og fall.

Innstilling

Innføring av tidsdifferensierte bompengetakster i Bergen vil gi behov for å auke kapasiteten i kollektivtilbodet i store delar av kollektivnettet. Kapasitetsaukande tiltak skal i verksettast både i og utanom rush for å oppnå best effekt av ressursane som vert sett inn. Årleg kostnadsramma er kr 35 mill, med gjennomføring frå 01.01.2016.

Tiltaka søkas finansiert med belønningsmidlar. Dersom det ikkje vert gitt tilstrekkeleg løyving over belønningsordninga, vil det vere nødvendig å omdisponere midlane i inneverande belønningssøknad for å sikre tilstrekkeleg finansiering. Ei slik omdisponering må gjennomførast i samråd med Bergen kommune.

Protokollmerknad frå Gustav Bahus

FRP er mot tidsdifferensierte bompengar og bompengar generelt, som både finansieringsmåte og verkemiddel.